

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 27.11.2019

I samband med sak i fylkesutvalet den 03.12.2019, PS 28/19, Fagtilbod, rom- og funksjonsprogram Stord vgs. Avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule, vedtok rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Vestland samråystes å setje saka denne saka på sakskartet, Fagtilbod, rom- og funksjonsprogram Stord vgs. Avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule, for å kome med ei uttale til saka.

Trude Brosvik, Krf, sette fram slikt forslag til uttale:

Tilrettelagt opplæring, uttale:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vil peike på at elevar som treng tilrettelagt opplæring, har same rettar som andre elevar til å velje kva skule dei vil gå på. Det er viktig å integrere menneske med nedsett funksjonsevne i samfunnet, og då må skuleverket vere dei første til å vise vilje til nettopp det. Det gjer ein ikkje med å samle elevar i eigne klassar for tilrettelagt opplæring. Praksisen med å lage sentraliserte klassar for tilrettelagt opplæring må difor leggjast om, og tilbod til opplæring må gjevast på den skulen eleven søker seg til. RMNF tar opp saka med visning til sak PS 7/19 i hovudutval for opplæring og kompetanse, PS 28/19 i fylkesutvalet, Fagtilbod, rom- og funksjonsprogram Stord vgs, avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule. Denne skal vidare til fylkestinget.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ba om at uttalen vart send til dei fire hovudutvala og fylkesutvalet i Vestland.

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Tilrettelagt opplæring, uttale:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vil peike på at elevar som treng tilrettelagt opplæring, har same rettar som andre elevar til å velje kva skule dei vil gå på. Det er viktig å integrere menneske med nedsett funksjonsevne i samfunnet, og då må skuleverket vere dei første til å vise vilje til nettopp det. Det gjer ein ikkje med å samle elevar i eigne klassar for tilrettelagt opplæring. Praksisen med å lage sentraliserte klassar for tilrettelagt opplæring må difor leggjast om, og tilbod til opplæring må gjevast på den skulen eleven søker seg til. RMNF tar opp saka med visning til sak PS 7/19 i hovudutval for opplæring og kompetanse, PS 28/19 i fylkesutvalet, Fagtilbod, rom- og funksjonsprogram Stord vgs, avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule. Denne skal vidare til fylkestinget.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ba om at uttalen vart send til dei fire hovudutvala og fylkesutvalet i Vestland.